

Tilskot ved produksjonssvikt

Tidlegare vart denne ordninga kalla «Erstatning ved avlingssvikt», men har no fått nytt namn. Omtale av ordninga finn ein på nettsida til [Landbruksdirektoratet](https://www.landbruksdirektoratet.no/).

Hugs på å melda frå til lokalt landbrukskontor om evt. produksjonssvikt. Eigenandelen er 30 %. Avlingssvikt som er større enn 30 % av gjennomsnittsavlinga, kan erstattast. Avlingssvikt må meldast til kommunen umiddelbart når det oppstår eller søker har mistanke om at det kan oppstå ("uten ugrunnet opphold" som det står det i forskrifta).

Absolutt søknadsfrist er 31. oktober. Søk elektronisk via Altinn.

Utvikling

Innhausting av plomme og pære er no overstått saman med dei fleste eplesortar. Det er berre hausting av dei seinaste eplesortane som står att. Sortar som kjem etter Aroma er t.d. 'Rubinstep', 'Santana', 'Elstar', 'Ingrid Marie', 'Holsteiner Cox' og 'Fryd'. Haustinga av fleire av dei seine sortane er også godt i gang fleire stader i landet.



Fryd i Sogn, 3. oktober 2022

Gras og ugras

Fjern ugraset etter hausting. Ved fresing blir nedfallsepla òg knust, og jordrotta får mindre mat fram mot vinteren. Eit par rundar med ugrasfresing kan være naudsynt alt etter kor mykje ugras ein har. Les meir om mekanisk ugrasbekjemping her:

[Dyrkingsmanual: Mekanisk ugrasbekjemping i frukt | NLR Viken](#)

Ei runde med ryddesag langs jordekantar før vinteren er også greitt for å unngå frøing av ugras og gøyme plassar for jordrottene.

Hugs óg å fjerne lauv med mogleg epleskurvsmitte. Meir info om dette i neste (og årets siste) rådgjevingsmelding for økologisk frukt, når bladfallet står for tur.



Hausting

Ha alltid god dialog med varemottakar. Skal avlinga til konsum er krava til epleskurv og insektskadar dei same som for integrert dyrking. Dei eksakte kravspesifikasjonane, som storleik og farge kan variere frå år til år.

Soppar ved hausting

Grovsortering ved hausting er viktig, men ein del av soppene kan komme til syne etter ei tid på lager. Det kan vere lurt å få luka ut desse epla om ein planlegg langtidslagring.



Biletet viser utvikla bitterråte på 'Aroma' som ikkje var synleg ved hausting.

Prydeple




Prydepla har til oppgave å bestøve hovudsorten. Nokre dyrkarar klipper bort ein del av greinene rett etter at bestøvingsjobben er gjort, men hjå mange vert det ikkje gjort tiltak for å fjerne frukta. Mange av prydeplesortane vil ha frukter som heng i fleire år på trea og kan utgjere ein betydeleg smittekjelde for ulike soppar.

Monilliasmitte på 'Dolgo'.

Skader på epler før lagring – biletebasert bestemmingsnøkkel

Arnulf Rein laga for ein del år tilbake eit flott hefte med identifikasjon av skadar frå ulike skadedyr. Heftet er framleis for sal hjå enkelte NLR kontor, men elles finn du ein digital versjon på nettsida:

[Skader på epler før lagring | Norsk Landbruksrådgiving \(nlr.no\)](https://www.nlr.no/forbruker/nyheter/2019/09/19-skader-pa-epler-for-lagring/)



Fjern daude og sjuke tre

Ta ein runde i hagen og fjern daude tre og vurder om andre tre er så svake at dei bør fjernast. Svake tre er meir utsette for sjukdom og kan verte smittekjelder for ulike sjukdommar i hagen. Det blir fort fusarium og frukttrekraft i epletre som er svekka eller daude.


Det er viktig å få fjerna plommetre med [sølvglans](#). Sjukdommen er forårsaka av soppen *Chondrostereum purpureum* og spreiiast ved rotkontakt og med sporer. Dersom ein ikkje har tid til å fjerna tre med sølvglans no bør ein i alle fall få merka dei før bladfallet slik at ein finn dei att seinare.

[Frukttrekraft](#) er ofte lettare å sjå no på hausten, då greinene gjerne visnar i løpet av sommaren. Bruk eigna reiskap og fjern smitta ved frå feltet. Ofte vil smitten frå store sår ha infisert lenger ned i treet, og det kan vere håplaust å forsøke å redde eit ungt tre med store sår. Tre med sår i hovudstamma bør ein som regel fjerna då sjansen for sårheling er liten og risiko for smittespreiing stor. Særleg i felt som er fem år eller yngre bør ein ikkje ha tre med frukttrekraftsår i hovudstamma. Sidegreiner med tydelege sår bør ein klyppe godt inn til frisk ved. Frukttrekraften kan sjåast inni snittflata ganske langt frå der såret er synleg utanpå treet. Skjær tilbake til eit punkt der ein er sikker på at greina er fri for frukttrekraftsmitte. Reingjer saksa for å ikkje spreie smitte til friske tre. Fjern smitta tre og greiner og brenn dei utafør hagen.

Førebyggjande sprøyting mot frukttrekraft

Nordox 75 WG er lov å bruke i økologisk. Fordel årsdosen på 400 g/daa i fleire sprøytingar. Ikkje alle sesongar er det like enkelt å få sprøyta, så her gjeld det å komme utpå når det er gode køyreforhold, men her er eit forslag til når ein bør ta sikte på å gjennomføre haustsprøyting av kopar, i tre omgangar:

1. 50 g/daa når feltet er ferdig hausta.
2. 75 – 100 g/daa ved starten av bladfallet, t.d. når 20 % av blada har falt.
3. 75 – 100 g/daa ved slutten av bladfallet, t.d. når 80 % av blada har falt.



Plommegrein med tydeleg sølvglans.

Foto: T. Fjågesund



Ungt tre med frukttrekraft i overgangen frå grunn-stamme. Treet er daudt og må fjernast.

Foto: G. Myren

Rognebærmøll – registrering av skade

Har du hugsa å sende inn skjema for angrep av rognebærmøll? Skjema i word-format er lagt ved i e-posten for rådgjeving meldinga.

I 2022 har det vore angrep av rognebærmøll i eplehagar ver heile landet. I angrepsår er det særskilt viktig at NLR og Nibio får innblikk i det totale skadebiletet frå dei ulike regionane. Me vil difor svært gjerne ha tilbakemelding om angrep, helst som tal eple med skade av rognebærmøll per 100 eple (i felt sprøytta med olje/såpe, og i usprøyta kontrollfelt om ein har), men tilbakemeldingar i anna format kan også rettast ditt lokale NLR-kontor.



*Biletet viser eple med (t.v.) og utan (t.h.) skade av rognebærmøll i eit kontrollfelt der ingen tiltak vart sett inn mot rognebærmøll (verken Coragen som det vart gitt dispensasjon for i konvensjonell dyrking, ei heller olje/såpe som er tilrådd i økologiske eplefelt i år med varsla angrep av rognebærmøll).
Foto: T. Fjågesund.*

Jordprøvar

Det er tid for uttak av jordprøvar og evt. fornying av gjødslingsplan. Ta kontakt med lokal NLR-eining for hjelp til dette. Dei ulike NLR-einingane rundt om i landet har sine opplegg for jordprøveuttak. Du kan bestille jordprøveuttak hjå NLR eller få råd om korleis ta ut eigne prøver.

Om du ynskjer å ta ut jordprøvane sjølv kan du følge framgangsmåte på www.eurofins.no. NLR Viken har samla nokre tips for jordprøveuttak i denne artikkelen: [Uttak av jordprøver | NLR Viken](#)